

## Grunntilskott til private og frivillige organisasjonar for 2018

Formålet med tilskottet er å sikre langsiktige og stabile rammevilkår for nasjonale organisasjonar og aktørar som på ein særskild måte bidrar til å nå sektormåla for grunnopplæringa eller har viktige samordningsoppgåver.

---

**TILSKUDDSORDNING** | SIST ENDRET: 27.10.2017

---

Tilskott frå kap. 225 post 75 kan bli gjeve som øyremerka tilskott til private og frivillige enkeltorganisasjonar som er namngitte i Statsbudsjettet for 2018.

Formålet er å sikre langsiktige og stabile rammevilkår for nasjonale organisasjonar og aktørar som på ein særskild måte bidrar til å nå sektormåla for grunnopplæringa eller har viktige samordningsoppgåver.

### Kven kan få tilskott?

I statsbudsjettproposisjonen for 2018 er det foreslått at desse private og frivillige organisasjonane skal få grunntilskott:

- Elevorganisasjonen
- Operasjon Dagsverk
- First Scandinavia
- World Skills Norway

### Om ordninga

Frå denne nye tilskottsordninga skal private og frivillige organisasjonar som tidlegare har fått øyremerka tilskott over kap. 225 post 74, få grunntilskott til si verksemd.

Formålet med løyvinga er å sikre langsiktige og stabile rammevilkår for nasjonale organisasjonar og aktørar

som på ein særskild måte bidrar til å nå sektormåla for grunnopplæringa.

Dei overordna sektormåla for grunnopplæringa framgår av Kunnskapsdepartementet sin årlege budsjettproposisjon, Programkategori 07.20 Grunnopplæringa, side 38 (pdf).

- Elevane skal ha eit godt og inkluderande læringsmiljø.
- Elevar skal meistre grunnleggjande dugleikar og ha god fagleg kompetanse.
- Fleire elevar og lærlingar skal gjennomføre vidaregåande opplæring.

Tilskottsordninga er budsjettstyrt. Løyvinga i statsbudsjettet fastset ramma for den totale tilskottssummen som kan bli innvilga i tilskottsordninga.

## Lovheimel

- Ikkje heimla i lov.
- Reglement for økonomistyring i staten – Bestemmelser om økonomistyring i staten (pdf)

## 1. Før du tek imot tilskott

Elevorganisasjonen, Operasjon Dagsverk, First Scandinavia og World Skills Norway skal sende søknad til Utdanningsdirektoratet innan fristen 1. desember i året før tilskottsåret.

**Fristen for 2018 er 1. desember 2017.**

Søknaden skal innehalde følgande opplysningar og dokumentasjon:

- kontaktinformasjon for organisasjonen
- oppdatert informasjon om dagleg leiar, styreleiar og andre ansvarlege nøkkelpersonar i organisasjonen
- organisasjonen sin siste årsrapport og revisorattesterte årsrekneskap med notar, viss dette ikkje er innsendt tidlegare
- organisasjonen sine årsplanar og årsbudsjett for organisasjonen si verksemd

Det er utarbeidd søknadsskjema for ordninga, som skal fyllast ut og leggjast ved søknaden.

## Søknadsskjema

Søknadsskjema for 2018 - bokmål (docx)

Søknadsskjema for 2018 - nynorsk (docx)

## 2. Slik blir prosjektstøtta berekna

Ordninga har ikkje berekningsreglar. Løyvinga på posten og fordelinga av øyremerka tilskott til namngitte

enkeltorganisasjonar blir fastsett etter vedtak i Stortinget.

### **3. Dette må du rapportere**

Du skal sende inn:

- Årsrekneskap og årsrapport for organisasjonen si samla verksemd i tildelingsåret. Tilskottet frå Utdanningsdirektoratet må spesifiserast i ei eiga linje i resultatrekneskapen eller i note til årsrekneskapen. Årsrekneskapen må attesterast av statsautorisert/registrert revisor.

Rapporteringsfristen er 1. juli i året etter tildelingsåret. For organisasjonar som har avvikande rekneskapsår er rapporteringsfristen 4 månader etter at årsrekneskapen er avslutta.

**Statsautorisert/registrert revisor skal:**

- Attestere årsrekneskapen. Revisjonsmeldinga må innehalde opplysning om økonomisk nettoresultat i revidert årsrekneskap.